



Velkommen som Vg3-elev ved Voss gymnas!

Første skuledag vert **måndag 17. august**. Denne dagen er sett av til startsamtaler mellom kontaktlærarar og elevar. Det er sett av ca. 15 min til samtale med kvar elev.

Målet med denne samtalen er at kontaktlæraren skal verta snarast mogleg kjend med elevane sine, slik skulegangen kan verta tilpassa den einskilde.

Andre skuledag, tysdag 18.august skal du møte i idrettshallen kl. 10.00 til felles opning for vg2 og vg3 før du går til klasserommet saman med kontaktlærar.

Nedanfor fylgjer nokre stikkord som skulen oppfattar som viktige i startsamtalet:

- Forventningar til vidaregåande skule
- Kvifor dette skulevalet – planar for framtida
- Arbeidsvanar
- Behov for særleg tilrettelegging (ta med dokumentasjon)
- Eventuelt andre tilhøve

Etter startsamtalet vil det verta gjennomført nokre praktiske gjeremål i høve til boklån. Om du har nasjonalt lånekort, ta gjerne med deg dette. Dersom du har startsamtale etter kl. 13.00, kan du gå for å låna bøker før samtalen. Du får tildelt bokskåp på startsamtalet.

Tid for startsamtale får du på SMS direkte frå kontaktlærar.

Me ynskjer deg velkomen til Voss gymnas og vonar at du alt frå første skuledag får eit godt skuleår her.

Venleg helsing

Håvard V. Styve
Rektor Voss gymnas

Me gjer merksam på at det ikkje er høve til å parkere ved skulen. Det er vanlegvis god plass i parkeringshuset (Vossapark).